



AURSTAD TUNNEL AS  
Torvmyrane 31  
6160 HOVDEBYGDA  
Att. Richard Øyre

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

## Vedtak om særskilt løyve til mobilt knuseverk Melsgjerdet industriområde - Austad Tunnel AS

**Særskilt løyve etter forureiningslova § 11 til midlertidig drift av mobilt knuseverk på gnr. 45, bnr.12 på Melsgjerde industriområde i Ørsta kommune. Løyve er gitt til Austad Tunnel AS. Varsel om gebyr på kr 33 800 for handsaminga av søknaden.**

Austad Tunnel AS har sendt inn melding etter kapitel 30, men grunna nærleik til ei nasjonal lakseelv og funn av elvemusling er det nødvendig med særskilt løyve etter forureiningslova § 11 for anlegget.

I høve forureiningsforskrifta § 30-2 kan statsforvaltaren krevje at også verksemdeter som omfattast av dette kapitlet skal ha særskilt løyve frå forureiningsmyndigheita jf. forureiningslova § 11. Det var sendt inn søknad den 23.02.2021.

### Om saka

Austad Tunnel AS vil sprengje fjell og knuse til ferdigvare til opparbeiding av tomt/grunn ved Melsgjerdet industriområde i Ørsta kommune. Melding etter kapitel 30 datert 21.01.2021, og søknad om særskilt løyve etter forureiningslova § 11 datert 23.02.2021.

Anleggsperioden er estimert til 5 veker med produksjon av 30 000 tonn pukk, grus og singel. Støy vil kontinuerleg bli målt, og tiltak vil bli iverksett ved behov. Austad har støvdemping med vatn på knusaren og støvsuging på borerigg. Austad Tunnel AS opplyser at alt vatn frå området blir sendt gjennom sedimentering anlegg med seks kammer, det skal berre vere infiltrasjon i grunnen som igjen drenerer til Ørstaelva.

### Statsforvaltaren vurderingar

I følge Lov av 13. mars 1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 7 er det ikkje lov å sette i verk noko som kan medføre fare for forureining. Forureiningsmyndigheitene kan gjeve løyve til verksemd som kan føre til forureining etter § 11 i den same lova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er av den oppfatning at tiltaket som søkast om kan medføre fare for forureining og difor krevjar eit løyve etter forureiningslova § 11.

Tiltakshavar opplyste i søknaden at det skal sprengast stein som skal knusast til pukk, grus og singel.



Slik aktivitet vil skape ein del støy, støv og sedimentpartiklar. Sikring med sedimenteringsdammar med infiltrasjon til grunnen vil hindre at partiklar i vatn vert spreidd til vassdraget. Vatn frå anlegget skal ikkje førast til Ørstaelva, men naturleg infiltrerast til grunnen via bassenga i sedimenteringsanlegget. Det skal vere støvsugar og bruk av vatn for å hindre støvflukt. For støy gjeld dei same føresetnader som i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Konsekvensar for naturmiljøet:

Ørstaelva er ei nasjonal lakseelv som munnar ut i Ørstafjorden som er ein nasjonal laksefjord. Det er og funne elvemusling i Ørstaelva. Elvemusling er i Norge freda.

Et eventuelt utslepp kan føre til skade på yngel og elvemusling, samt nedslamming av gytegroper for laks og sjøaure.

Tiltaket er vurdert etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 8-12:

Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i opplysningar oppgitt i søknaden og informasjon frå databasen Naturbase, Grunnforurensning og Vann-Nett. Vi finn at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å behandle søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi ser ingen grunn til å legge spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. § 9. Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverking på eit økosystem alltid vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet blir utsett for. Vi finn det lite sannsynleg at dei om søkte tiltaka vil medføre et vesentleg bidrag til den samla belastninga i område.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar gjennomfører avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyve, og dekker eventuelle kostnadar av desse tiltaka. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Naturbase viser at Melsgjerde industriområde ligg tett ved ei nasjonal lakseelv, Ørstaelva, som munnar ut i ein nasjonal laksefjord, Ørstafjorden. Det er og gjort funn av elvemusling, som er verna, i elva rett ved anleggsområde. Vann-nett kategoriserer elva til å ha svært dårleg økologisk tilstand.

Tiltaket vurderast i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Statsforvaltaren oppmodar tiltakshavar til å tilpasse arbeidet for å vise omsyn til nærområde.

## **Konklusjon**

Statsforvaltaren tillèt uttak og knusing av massar etter fastsette vilkår. På bakgrunn av fastsette vilkår meiner Statsforvaltaren at tiltaket ikkje vil medføre vesentleg auka forureining.

## **Fristar**

- Løyvet skal offentleggjerast i dagspressa så snart som mogleg.
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket tek til.
- Løyvet er gyldig til og med 31.12.2021.
- Rapport i tråd med vilkår 6.1 skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at utfyllinga er ferdig.



## Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Aurstad Tunnel AS løyve til uttak og knusing av massar med midlertidig knuseverk ved Melsgjerde industriområde gnr. 45, bnr. 12. i Ørsta kommune. Løyvet er gitt med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyve skal gjevast, og ved fastsetting av vilkåra, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket sett i samband med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet.

Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg naudsynte løyve etter plan- og bygningslova, og tiltaket er klarert etter kulturminnelova.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utreiing av saka. Ein eventuell endringsøknad må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

Løyvet til forureinande aktivitet gjev ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap årsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

## Varsel om gebyr

Vi visar til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr for Statsforvaltarens arbeid med løyver mv. Vi varslar at gebyrsats 6 vil bli vedtatt. Sats 6 utgjer kroner 33 800. Eventuelle kommentar til varselet om fastsetting av gebyrsats skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 3 veker, jf. forvaltningslova § 16. Vedtak om gebyr vil bli fatta før utsending av faktura, og vedtaket kan påklagast.

## Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltningslova, av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om igangsetting kan ikkje klagast på.

## Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast.

Statsforvaltaren vil kunngjere vedtaket på sine nettsider [www.statsforvalteren.no](http://www.statsforvalteren.no) under «Forureining» og «kunngjeringar».



## Forslag til kunngjeringstekst:

### **Løyve til bruk av mobilt knuseverk – Austad Tunnel AS**

*Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Austad Tunnel AS løyve til bruk av mobilt knuseverk ved Melsgjerdet industriområde, Ørsta kommune. Tiltaket skal gjerast for å utvide næringsarealet ved Melsgjerdet industriområde. Tiltaket skal ikkje medføre direkte utslepp til vatn. Løyve kan lesast i sin heilheit på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside, [www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal) under forureining og kunngjeringar.*

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleder

Lisa Thorstensen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyve til mobilt knuseverk Melsgjerdet industriområde - Austad Tunnel AS

Kopi til:

Ørsta kommune    Dalevegen 6    6153    ØRSTA



# Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Løyve til mobilt knuseverk ved Melsgjerdet industriområde ved gnr. 45 bnr. 12 for Aurstad Tunnel AS i Ørsta kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

**Løyvet gjeld frå 24.03.2021 og er gyldig fram til 31.12.2021.**

### Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Aurstad Tunnel AS
Lokalisering/gateadresse	Torvmyrane 31
Postadresse	6160 Hovdebygda
Org. nummer (bedrift)	885349552
Lokalitet for tiltaket	Melsgjerdet Industriområde 1520.0110
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	62,18122N 6,17300Ø
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 45 bnr. 12
Kommune tiltaket utførast i	Ørsta

### Fylkesmannens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2021.0272.T	1520.0110.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
24.03.2021	-	-

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Lisa Thorstensen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort

<sup>1</sup> Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar regulering av vatn til sedimentasjon, støy og støv frå midlertidig knuseverk med uttak og produksjon av pukk, grus og singel av om lag 30 000 tonn reine massar ved gnr. 45 bnr. 12 i Ørsta kommune.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 23.02.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.

## 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen. Dette gjeld og uhellsutslepp.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse- miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.



3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. **Melding om akutt forureining skal gjerast til brannvesenet, telefon: 110.**

#### 4. Knuseverk – uttak av massar og knusing

4.1 Fylkesmannen skal varslast når arbeidet tek til.

4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.

4.3 Det skal nyttast metodar for tiltaket som minimerer faren for spreining av forureining.

4.4 Eventuell sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i massane skal fjernast før massane blir lagt i fylling.

4.5 Tiltaket skal utførast under egna tilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreining av partiklar.

##### 4.5.1 Støv

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å redusere støvutslepp. Det er ikkje tillate å ha utslepp av støv. Ved klage skal det straks setjast i gang støvnedfallsmålingar.

##### 4.5.2 Avrenning til vatn

Vatn frå aktiviteten skal ledast til sedimenteringsbasseng, og vatnet skal der infiltrerast til grunnen. Vatten skal ikkje ledast vidare til Ørstaelva.

4.6 Støy frå arbeidet og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grense-verdiane i Forureiningsforskrifta kapittel 30-7, sjå tabell under.

Bedriftas bidrag til utandørs støy skal ikkje overskride fyljande grensar, målt eller berekna som fritt feltsverdi ved mest utsette fasade hos nabo:

<b>Mandag-fredag</b>	<b>Kveld mandag-fredag</b>	<b>Lørdag</b>	<b>Søn-/helligdager</b>	<b>Natt (kl. 23-07)</b>	<b>Natt (kl. 23-07)</b>
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>evening</sub>	50 L <sub>den</sub>	45 L <sub>den</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er definert som døgnmiddel. Med impulsstøy etter reintonelyder grensa 5 dBA lågare.

Den strengaste grenseverdien leggjast til grunn når impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar pr. time.

L<sub>evening</sub> er A-veid ekvivalentnivå for 4 timars kveldsperiode frå kl. 19-23.

L<sub>night</sub> er A-veid ekvivalentnivå for 8 timars kveldsperiode frå kl. 23-07.

L<sub>AF-max</sub> er gjennomsnitt av dei 5-10 høgast førekommande støynivåa L<sub>AF</sub> (A-veid støynivå med Fast respons) frå ein industribedrift i nattperioden 23-07.

Med impulslyd er det meint kortvarige, støyvise lydtrykk med varigheit på under 1 sekund og der impulslyden er av typen «highly impulsive sound» som definert i T-1442 kapittel 6. Dersom impulslyd førekjem meir enn 10 hendingar per time er grenseverdien 5dBA lågare enn dei grenseverdiane som er angjeve i tabellen.



Støygrensene gjeld all støy frå verksemdas ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområde og lossing/lasting av råvarar og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemdas tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

#### 4.7 Støy frå sprengingar

Støy frå sprengingar er unntatt frå føresegna i forureiningsforskrifta § 30-7. Sprengingar skal berre skje i tidsrommet måndag til fredag kl. 07:00-16:00. Naboar skal vere varsla om når sprengingane finn stad.

### 5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet i samhøve med eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreieing av forureining i tilknytning til tiltaket.

### 6. Rapportering

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak.